



Konfirmantar i 1933 ved kyrkja. Presten er Weibust. Foto frå ungdomslaget sitt arkiv.

58 tidlegare konfirmantar frå Uskedalen er bedne inn av soknerådet til jubileumsmarkering laurdag 6. og søndag 7. oktober. Dette er ein lang tradisjon i Uskedalen, men i fjor vart det ikkje noko arrangement. Til gjengjeld kjem soknerådet i år att med eit utvida opplegg - denne gongen blir det også eit program laurdag.

Invitasjonen har gått ttil 50-, 60- og 70-årsjubilantane. På grunn av at det ikkje var noko markering i 2006 er også jubilantane for fjoråret invitert. Av dei 58 er nokre busett i utlandet, nærare bestemt i Danmark, Canada og USA, men over halvparten er framleis i Uskedalen, fortel skognerådsleiar Audun Eik til uskedalen.no.

Laurdagsprogrammet, som også ektefolk eller partnarar og andre bygdafolk kan ta del i, er ei kulturell vandring i Uskedalen. Den vil utan tvil kalla fram mange minner hos deltakarane. Vandringa er enno ikkje planlagt i detalj, men den startar rimelegvis ved gamleskulen. Det blir truleg også verbale innslag ymse stader undervegs.

Men sjølve jubileumsmarkering er naturleg nok gudstenesta i kyrkja søndag føremiddag med festleg samvær på Solheim Turiststasjon etterpå. Der blir det servert middag og kaffe med kaker.

Påmeldingsfristen er 25. september.

Av Ola Matti Mathisen